

# Saksframlegg

<b>Saksnr:</b>	<b>Utval:</b>	<b>Dato</b>
	Fellesnemnd	

Sakshandsamar:	Lindås kommune	Ørjan Raknes Forthun
	Arkivnr.: 17/1868	Klassering:

## Kyrkjeleg fellesnemnd økonomi

### Programansvarleg sitt framlegg til vedtak

Fellesnemnda aukar ikkje løyvinga til kyrkjeleg fellesnemnd.

### Saksopplysningar:

Saka skal avgjerast i fellesnemnda

### Bakgrunn

I fellesnemnda sitt møte 8. januar 2018 i sak 08/18 vart det gjort følgjande vedtak:

«Kyrkjeleg fellesnemnd for kommunane Radøy, Meland og Lindås får tildelt omstillingsmidlar med kr 1.200.000,- for perioden juni 2017 – desember 2019. Beløpet vert utbetalt med like delar i 2018 og 2019.»

Fellesnemnda har motteke følgjande frå kyrkjeleg fellesnemnd:

«Til kommunal fellesnemnd

Vi søkte kommunal fellesnemnd om 2,4 millionar i januar 2018 til samanslåing og fekk 1,2 millionar kroner. Budsjettet er justert i høve til denne tildelinga. Det er likevel slik at nokre kostnader må vi ta om vi skal verte oppfatta som ein seriøs og funksjonell aktør i 2020. Både prosjektorganisasjonen og kulturbygginga er til saman redusert frå 1,3 mill. til 0,4 mill. Det er alt for knapt til at vi kan gjennomføre dei tiltaka vi meiner er viktige for å bygge ein god, tenleg og effektiv kultur i den nye organisasjonen. Sjølv om vi har valt å prioritere IKT, har den posten blitt redusert med 0,2 mill. Kyrkjeleg fellesnemnd vil difor melde at vi opprettheld vår søknad en om løyving til samanslåinga av tre fellesråd til eitt frå 01.01.20. Vi ber om at søknaden blir vurdert på nytt i samband med revidert budsjett.

Manger 16.mai 2018

Med helsing

Grethe Lunde

leiar kyrkjeleg fellesnemnd»

## Saksutgreiing

I saksutgreiinga frå 8. januar sto det mellom anna:

«I eigen organisasjon må kommunane (Radøy, Meland og Lindås) i stor grad rekne med å bidra inn i samanslåinga innanfor dei ordinære budsjetttrammene for kommunane. Det vil i liten grad vere mogleg å kjøpe fri kommunalt tilsette for å arbeide i prosjekt i programporteføljen. Ein bør forsøke å få til ein lik handsaming av kyrkjeleg fellesnemnd og kommunale sektorar, fagområde og avdelingar. Ut i frå dette bør dei tre første postane reduserast i høve søknaden.» (Postane det vert referert til er «prosjektorganisasjon», «Kyrkjeleg fellesnemnd (møter mm)» og «kulturbygging».) Dette gjeld framleis.

Det har vore stor usikkerheit knytt til IKT-kostnader og kostnader knytt til avslutning av arkiv. Denne usikkerheita er ikkje eliminert. I løpet av juni vil vi ha klar avgjerder om kva vi gjer med dei ulike IKT-systema inn i Alver kommune. Ut i frå dette kan vi starte å kostnadsrekne kva dei ulike omleggingane vil koste.

## Vurdering

Det er knytt stor uvisse til fleire poster i budsjettet og spesielt IKT-kostnader. Ein bør vise stor varsemnd med å bruke midlar på andre postar enn det som gjeld kjernen i samanslåinga og som vert vurdert som høgst nødvendig.

## Ikkje vedlagte saksdokument:

Doknr	Type	Dato	Tittel på saksdokumentet
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost